


RAPPORT

Ringebu stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne sammenhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	4
Vedtaksprosess og tiltak	5
Spontekking	5
Måling og tjæring	5
Fundament under stav	5
Vindauge	5
Kyrkjegardsmur	5
Kyrkjekunst og inventar	6
Andre tiltak	8
Samandrag	8
Litteratur og kjelder	9
Fotnotar	9

Ringebu stavkyrkje

Dokumentasjon av
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016
www.ra.no

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale
kan medføre erstatningskrav og inndraging
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:
Dagfinn Rasmussen, Riksantikvaren

Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

LOKAL MEDVIRING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



Takarbeid: Kyrkja slik ho stod under arbeidet med taket. Foto: Stokk og Stein AS, Riksantikvarens arkiv.

Ringebu stavkyrkje

BYGNINGSBESKRIVING

Ringebu stavkyrkje er ei av dei største stavkyrkjene i landet. Kyrkja er datert til byrjinga av 1200-talet og har vore i samanhengande bruk sidan ho vart bygd. Kyrkja vart opphavleg bygd som krosskyrkje, men vart i 1630-åra utvida med nye krossarmar, kor

og nytt tårn. I Ringebu stavkyrkje finn ein to krusifiks og ein helgenfigur, St. Laurentius, frå mellomalderen, samt ein døypefont i kleberstein frå 1100-talet. Kyrkja har ein vakkert utskore inngangsportal i dragestil.

TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET

I perioden 1980-81 vart det føreteke arkeologisk utgraving under kyrkja. Bakgrunnen for utgravinga var ynskjet om å senke terrenget under kyrkja for å gje dei nedre

delane av konstruksjonen betre bevaringsforhold. Det var beskrive at mykje vatn seig inn under bygget frå nord og orsaka skader. Ved synfaring låg terrenget noko høgt opp mot veggjen på nordsida av kyrkja. Taket på kyrkja hadde store behov for utbetring. Mykje av spontekkinga var prega av røteskade og sprekker. Målinga på spona har krakelert og leidd til inntrenging av fukt i takflatene. Delar av kyrkjegardsmuren hadde behov for utbetring og fundamenteringa under nokre av stavane i kyrkja måtte



Fial: Ny spontekking og linoljemåling på spir og fialar. Foto: Stokk og Stein AS, Riksantikvarens arkiv.

undersøkast nærare. Kyrkja hadde og behov for tjæring.

VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

SPONTEKING

Ved synfaring vart det påvist mykje skader i spontekkinga på kyrkja. Det meste av skadane var røteskader som resultat av at den raude målinga på taket har byrja å flasse av og vatn dermed trengjer inn i spona. I ein del av spona hadde det byrja å vekse sopp og mose. Spiret og tårnet var sterkt prega av slitasje. Ein

del av spona på spiret kunne vare lenger, men det vart vurdert dit at ein burde skifte desse. Det var vedteke å skifte all spon på tårn og spir, samt fialar. På dei fleste takflater vart det bere skift enkelte spon. Unntaket var den sydvende takflata på våpenhuset, takflata på omgangen til skipet mot sydvest, samt den nordvestvende takflata på tverrskipet mot nord. Mønekammane på kyrkja vart retta opp og sett i stand. Jarnspira på fialane, samt spiret,

vart sett i stand. I tillegg vart trespira i gavlane på kyrkja sett over og sett i stand eller bytt der dette var naudsynt.

MÅLING OG TJÆRING

Etter at ny spon var lagd vart tårn og spir behandla med raud linoljemåling, slik den tidlegare har vore, medan resten av kyrkja vart tjærebredd.

FUNDAMENT UNDER STAV

Fundamenta under stavane i kyrkja vart undersøkt. Staven i sydaust i skipet hadde dårleg fundament. Dette vart utbetra.

VINDAUGE

Sju av vindauga i kyrkja vart henta inn for istandsetting. Det var hovudsakleg vindauga på sydsida av kyrkja som vart behandla. Desse var prega av skadar orsaka av temperatursvingingar. Trerammene i vindauga var for det meste i god stand, medan blysprossene var prega av brekasjeskadar. Desse vart utbetra.

KYRKJEGARDSMUR

Ved synfaring fann ein at delar av kyrkjegardsmuren var i dårleg stand og hadde behov for utbetring. Kyrkjegardsmuren mot syd vart lagt om.



Skipet: Arbeidet med dekoren i kyrkja. Foto: Birger Lindstad, Riksantikvarens arkiv.

KYRKJEKUNST OG INVENTAR

Gjennom stavkyrkjeprogrammet vart det gjennomført eit omfattande arbeid med interiøret og kyrkjekunsten i kyrkja. I februar 2001 gjennomførte Riksantikvaren i samarbeid med NIKU ei rundreise i Valdres og Gudbrandsdalen for å registrere tilstanden på kyrkjekunsten i ein del kyrkjer. Føremålet var å få ei samla oversikt over tilstanden til inventaret og kyrkjekunsten i dei ulike kyrkjene, og ut frå dette setje opp ei prioriteringsliste for eventuelle konserveringsbehov som Riksantikvaren hadde høve til å gje stønad. Fokus ved synfaringa i 2001 var kyrkjekunst

som var hensiktsmessig å ta inn til eit atelier for behandling. Ringebu stavkyrkje var ei av kyrkjene som vart vurdert ved denne rundreisa og dei to krusifiksa frå mellomalderen som heng i kyrkja vart vurdert. Då desse hadde vore i dårleg stand i lang tid vedtok Riksantikvaren i at dei skulle behandlast for å hindre vidare forfall.¹ Vedtaket vart teke med grunnlag i deira alder og deira unike kvalitetar som viktige norske kunsthistoriske arbeid. Begge krusifiksa er datert til tida omkring 1300. Det mindre av dei to, som heng over døra til våpenhuset i skipet, er truleg frå byrjinga av 1300 talet. Det største

krusifikset, heng på austveggen i skipet, og er datert til dei seinare åra av 1300-talet. Begge krusifiksa vart sendt til konserveringsatelier hjå NIKU. Grundige undersøkingar stadfesta at begge krusifiksa vart overmåla på 1700-talet. Etter ei nøye vurdert utgreiing vart det vedteke at dei to krusifiksa skulle behandlast ulikt. Det minste krusifikset vart avdekka då mellomaldermaleriet på skulpturen vart vurdert som den viktigaste og mest interessante i forhold til den seinare overmålinga. På det største krusifikset har ein derimot bevart overmålinga frå 1700-talet då dette er eit godt



Avdekkja: Det vesle krusifikset etter behandling. Foto: Birger Lindstad, Riksantikvarens arkiv.

døme på korleis kunst frå mellomalderen vart tilpassa kyrkjelege og kunstnariske verdiar på 1700-talet.

I samband med synfaringa i 2001 vart limfargedekoren i kyrkja vurdert og funne i dårleg stand, med behov for behandling. Difor vart det i 2010 sett i gang eit forprosjekt med tanke på behandling av limfargedekoren. Målet med forprosjektet var å kartleggje tilstanden og omfanget av tiltak som ville vere naudsynt for behandling av veggfast dekor i skip og kor og deretter utarbeide eit behandlingsforslag.² I skipet i kyrkja er det limfargedekor på vest- og nordvegg, medan det i koret berre er dekor på austveggen, men her var

dekoren utført i olje. Dekoren var i svært dårleg stand i både skip og kor. Med grunnlag i undersøkingane og forsøka gjennomført av forprosjektet vart behandling av limfargedekoren i skipet påbyrja i september 2010. Vest- og nordveggen i skipet er dekorert med limfargedekor som er ein rekonstruksjon etter mønster frå 1719 som vart utført i 1921 av målarer Ragnvald Einbu etter anbefaling frå Domenico Erdmann og arkitekt Jürgensen. Den dårlege tilstanden til limfargedekoren har si orsak i ein kombinasjon av den komplekse oppbygginga av dei ulike laga av måling, samt klimabelasting. All laus limfargedekor vart konsolidert i tillegg til at laus måling på innsida av stavane, samt

bogekne vart behandla. Vidare vart det fremja forslag om retusjering av limfargedekoren i skipet.³ Med bakgrunn i arbeidet som vart gjort i 2010 heldt arbeidet fram i 2011. Målet for behandlinga av veggmåleria i skipet i 2011 var å retusjere utfall i teppedekoren, samt fjerne laus måling og retusjere grå bakgrunnsfarge i oljemåling på vest- og nordvegg. I tillegg vart det vedteke å konsolidere laus limfargemåling på innsida av stavar og bogekne i skipet på best mogleg måte, med minimale inngrep eller tilføyingar. Med bakgrunn i behandlingsforslag for dekoren i koret, utvikla i 2010, vart arbeidet med konsolidering av denne delen av kyrkja sett i gang i 2013. Målet for behandlinga av veggdekoren på austveggen til koret var å konsolidere laus måling og retusjere utfall i dekoren på best mogleg måte, utan tilføyingar og med så små inngrep som mogleg. Også veggdekoren i koret er måla av Ragnvald Einbu i 1922. Det vart gjennomført ei analyse av dei ulike målingslaga som viste dei fire historiske lag ; eitt frå 1800-talet og eitt frå 1900-talet, samt to lag som kan stamme frå tida mellom 1630 og den kvite overmålinga frå 1800-talet.⁴



Tjærebreidd: Kyrkja med ny spontekking og tjære . Foto: Birger Lindstad, Riksantikvarens arkiv.

Det har over flere år vært observert at preikestolen i stavkyrkja har vore i dårlig konserveringstilstand. I 2014 vart difor preikestolen konserverert av NIKU. Preikestolen er datert til 1703, samtida med kongemonogrammet i korskiljet. Konserveringsarbeidet besto hovudsakleg i festing av måling og rensing av overflata for støv og smuss. Det vart også utført noko kitting på nokre av dei mest utsette delane på preikestolen. Desse vart tona inn med fargar etterpå.⁵ Utover arbeidet med limfarkedekoren i kyrkja, dei to krusifiksa og preikestolen, vart måleriet Tempelskatten behandla.⁶

ANDRE TILTAK

Det vart påvist hakkespetthol i ytterkledinga på kyrkja. Då dette er skjemmande for fasaden på bygget og for å hindre bygging av reir i hola, vart desse spunsa og breidde med tjære.

SAMANDRAG

Ringebu stavkyrkje er ei av dei største stavkyrkjene i landet. Kyrkja er datert til byrjinga av 1200-talet og har vore i samanhengande bruk sidan ho vart bygd. Kyrkja vart opphavleg bygd som krosskyrkje, men vart i 1630-åra utvida med nye krossarmar, kor og nytt tårn. Gjennom stavkyrkjeprogrammet er taket

på kyrkja sett i stand med ny spontekking og tjære. Kyrkjegardsmuren mot syd er sett i stand og ein stav har fått nytt fundament. Ved byrjinga av stavkyrkjeprogrammet vart to krusifiks frå mellomalderen behandla. Det eine krusifikset vart tilbakeført til mellomalderutsjånad slik det såg ut før det vart overmåla på 1700-talet. Eit omfattande arbeid vart gjennomført på interiøret i kyrkja, mellom anna ved konsolidering og retusjering av limfargedekoren i skipet. Arbeidet ved kyrkja vart gjennomført i perioden 2010-2015.

LITTERATUR OG KJELDER

LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005.

RAPPORTAR

Ellen M. Devold. *Befaringsrapport Ringebru stavkirke stavkirkeprogrammet 7. november 2006*, 2006

Olstad, Tone Marie. NIKU 122/2014 *Prekestolen i Ringebru stavkyrkje, vurdering før behandling*, 2014.

Ryen, Ulf. *Ringebru stavkirke Tilstandsrapport på takflater Stokk & stein*, 26.05.2011, 2011

Spaarschuh, Christina. NIKU Oppdragsrapport 164/2010 A 128 *Ringebru stavkirke, maleri Tempelskatten. Behandling av et lerretsmaleri skadet av flaggermusekskrement*, 2010

Spaarschuh, Christina. NIKU Oppdragsrapport 170/2014 *Prekestolen i Ringebru stavkirke, konservering*, 2014.

Stein, Mille. NIKU 2001: A 128 *Ringebru kirke*, 2001.

Stein, Mille, NIKU Rapport 2 2003

Stein, Mille. «Intet forandrer seg så ofte som fortiden» *Om krusifiksene i Ringebru stavkirke*, 2003

Ørnhøi, Anne Apalnes. NIKU Oppdragsrapport 149/2010 A 128 *Ringebru stavkirke Behandling av limfargedekor, Forprosjekt*, 2010.

Ørnhøi, Anne Apalnes. NIKU Oppdragsrapport 249/2010 A 128 *Ringebru stavkyrkje Behandlingsforslag for dekor i koret*, 2010

Ørnhøi, Anne Apalnes. NIKU Oppdragsrapport 171/2010 A 128 *Ringebru stavkyrkje Konsolidering av limfargedekor, Delrapport 1*, 2010.

Ørnhøi, Anne Apalnes. NIKU Oppdragsrapport 237/2011 A 128 *Ringebru stavkirke Retusjering av limfargedekor og konsolidering av limfarge innside skip, Delrapport 2*, 2011.

Ørnhøi, Anne Apalnes. NIKU Oppdragsrapport 169/2013 A 128 RINGEBU STAVKIRKE *Konservering av dekor på korets østvegg Delrapport 3*, 2013.

Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.

FOTNOTAR

¹ Stein, Mille. «Intet forandrer seg så ofte som fortiden» *Om krusifiksene i Ringebru stavkirke*, 2003

² Ørnhøi, Anne Apalnes. NIKU Oppdragsrapport 149/2010 A 128 *Ringebru stavkirke Behandling av limfargedekor, Forprosjekt*, 2010.

³ Ørnhøi, Anne Apalnes. NIKU Oppdragsrapport 171/2010 A 128 *Ringebru stavkyrkje Konsolidering av limfargedekor, Delrapport 1*, 2010.

⁴ Ørnhøi, Anne Apalnes. NIKU Oppdragsrapport 169/2013 A 128 RINGEBU STAVKIRKE *Konservering av dekor på korets østvegg Delrapport 3*, 2013

⁵ Spaarschuh, Christina. NIKU Oppdragsrapport 170/2014 *Prekestolen i Ringebru stavkirke, konservering*, 2014.

⁶ Spaarschuh, Christina. NIKU Oppdragsrapport 164/2010 A 128 *Ringebru stavkirke, maleri Tempelskatten. Behandling av et lerretsmaleri skadet av flaggermusekskrement*, 2010

